



Notat

Dato: 04.03.2016
Arkivsak: 2014/14792-7
Saksbehandlar: gurklyv

Til:	Rune Haugsdal, Fylkesrådmann
Frå:	Guro Klyve, Eigedomsavdelinga

Sal av leilegheit i Daniel Hansensgate 9, Bergen. Underskrift på kjøpekontrakt.

Fylkesutvalet godkjende i sak 325/2015 sal av leilegheit i Daniel Hansensgate 9 i Bergen. Fylkesrådmannen fekk fullmakt til å akseptere bod høgare enn 90 % av prisønske som var kr 3 mill.

Eigedomen vart lagt ut for sal på den opne marknaden gjennom eigedomsmeklarselskapet Fana Sparebank Eiendom AS.

Det var 3 visningar, men kun éin bodgjevar.

Den 17.02.2016 vart bod stort kr 2.701.000 frå DR Invest AS v/styreleiar Daniel Rygg, org.nr. 991 909 796, akseptert. Det vart òg akseptert at DR Invest AS hadde rett til å utpeike eit nyetablert selskap deleigd av DR Invest AS til å overta leilegheita i DR Invest AS sin stad, men slik at DR Invest AS stod inne for bodet.

Namnet på det nyetablerte selskapet er Unike Hjem AS, org.nr. 916 828 411. Sjå vedlagte firmaattest.

Dato for overtaking av leilegheita er 31.03.2016.

Fana Sparebank Eiendom AS tek seg av det økonomiske oppgjeret.

Vi ber om at vedlagte kjøpekontrakt i 3 eksemplar vert godkjent og signert.

Guro Klyve
Eigedomsseksjonen

Vedlegg:
Firmaattest kjøpar
Kjøpekontrakt i 3 eksemplar